



Statens vegvesen

Aleksander Hjelmtveit
Seimsleitet 39 A
5912 SEIM

Behandlende enhet:
Utbygging

Saksbehandler/telefon:
Tine Eikehaug / 90740374

Vår referanse:
20/82199-1

Deres referanse:

Vår dato:
06.05.2020

Varsel om ulovleg tilhøve og skade på postvegen ved Seim gnr/bnr 171/5 – Oppmoding om tilbakeføring

Syner til sak om ulovleg tiltak på garden gnr/bnr 171/5 Seim, i Alver kommune, datert 21/2 2020, med arkivsaknr. 20/5135 i Alver kommune.

Statens vegvesen er varsla om tiltaket via Vestland fylkeskommune og har vurdert tiltaket ut frå etaten sitt sektoransvar for veghistorie og vegminner. Post- og kongeveggar var del av det offentlege vegnettet og er i dag kulturminne med stor kjelde-, bruks- og verneverdi som det er ønskeleg å bevare i størst mogleg grad.

Samandrag:

Statens vegvesen ser alvorleg på at eit kulturminne som postvegen er øydelagd og grave vekk. Vanlegvis er vår haldning i slike saker at vegen skal tilbakeførast på ein historisk rett måte. Dette meiner vi vil gagne heile det unike kulturhistoriske miljøet der vegen er del av, – i dette tilfelle eit miljø med uvanleg stor variasjon og tidsdjupne. Statens vegvesen er sektoransvarleg for vegminner og kan vere behjelpeleg med råd for å få arbeidet gjort rett.

Bakgrunn:

Postvegen mellom Bergen og Trondheim vart vedteken med kgl. res. i 1786. Vegen er om lag 70 mil lang, der 15 av dei er fjordkryssingar. Vegen er den siste av dei fem nasjonale postvegane som vart bygd i landet, og ein av dei mest unike på grunn av topografien og fjordkryssingane.

Gjennom Lindås vart vegen lagt frå Isdalstø i sør til Nese, der vidare ferdsle var med båt til Trælevikja. Herifrå gjekk vegen til Lindås og vidare til Fonnebost. Arbeidet med vegen skjedde for det meste i 1790-åra. Mykje av traseen som vart valt som postveg vart lagt over allereie eksisterande ferdsleveggar, somme med stor tidsdjupne, noko som også gjeld Seim. Her ligg vegen mellom mellomalderkyrkjegard, klyngetunet og kongsgarden.

Postadresse
Statens vegvesen
Utbygging
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø


Som anna eldre, offentleg veggrunn er ikkje postvegen særskilt matrikulert og har ikkje eige matrikelnummer slik nye vegar har. Statens vegvesen forvaltar umatrikulert og uavklart veggrunn på bakgrunn av sektoransvaret. Men uansett eigar, er vegen eit viktig kulturminne, noko som må vere premiss for alt som skjer med vegen.

Kulturminne:

Heile Den Trondhjemske postveg er vist i Askeladden, Riksantikvaren sin kulturminnedatabase med id nr. 249622, også strekningar som i dag er borte eller ligg under dagens offentlege vegnett.

Tre strekningar av Den Trondhjemske postveg er med i Statens vegvesen sin nasjonale verneplan for vegar, bruer og vegrelaterede kulturminne. I Lindås (Alver) gjeld det strekninga mellom Trælevikja og Vågseidet. I følgje verneplanen har *heile* postvegen verdi og må sjåast som eitt samanhengande kulturminne. Dei tre utvalde strekningane i verneplanen er meint å vise ulike landskapstypar vegen gjekk gjennom og slik sett ulike utfordringar vegbyggjarane hadde på grunn av topografien. Verneplanen seier også at det er ønskeleg at så mykje som mogleg av vegen vert teken vare på. Difor rår vi kommunar til å sikre vegen med å leggje omsynssonar over postvegen i planarbeid.

I dette området ligg postvegen innanfor Askeladden id- 214930 og er regulert til spesialområde fornminne vern (SP5) i gjeldande reguleringsplan for Seim kyrkjegard og Håkonshaugen.



Figur 1 Utsnitt frå Askeladden. Postvegen ligg mellom mellomalderkyrkjegarden og tuft datert til 1200-talet.

Tiltaket:

Det er ulovleg ført opp ein rubbhall for dyra på garden. Rubbhallen er plassert i Den Trondhjemske postveg, med mellomalderkyrkjegarden på eine sida og ei tuft frå det gamle

klyngetunet, datert til 1200-talet, på den andre. Rubbhallen er plassert innfor sikringssona på det automatisk freda kulturminnet, men i hovudsak er det postvegen som er mest råka og skada av tiltaket. Vel 20 meter av veglegemet er gravd vekk, og det er i staden fylt på pukkk som grunn for rubbhallen. Massar frå postvegen ligg like ved.



Figur 2 Massar frå postvegen. Foto Sigrun Wølstad, Vestland fylke.



Figur 3 Bilete tatt frå postvegen og syner rubbhallen si plassering midt på vegen. Foto Sigrun Wølstad, Vestland fylkeskommune.

Vurdering:

Statens vegvesen meiner det er alvorleg at postvegen er fjerna på denne måten og be om at vegen vert tilbakeført etter beste evne.

Ein god måte å gjere dette på er å nytte hovudprinsippa i veginstruksen frå 1794. Kort fortalt avsett ein bredda og linjeføringa slik den opphavleg var (6 alen) med ein enkel kant av tørrmur på kvar side, og helst må vegen verta fylt i att med dei massane som er fjerna. Om det ikkje er mogleg kan ein nytte masser tilsvarande det som er omtala i instruksen. I ein historisk veg må det *ikkje* nyttast nye massar som pukk, knust grus, plast eller duk.

Statens vegvesen kan vere rådgjevande i prosessen, og tek gjerne eit møte for å diskutere kva som er mogleg å få til.

Anna:

Statens vegvesen var på synfaring på Seim i 2019 og oppdaga at postvegen på denne eigedommen var gjerda inne, slik at vi måtte klatre over for å kunne gå han. I følgje folk på staden var dette eit relativt nytt gjerde. Å stengje for ferdsel på ein historisk veg som postvegen er uheldig, og vi ber om det vert opna opp at, alternativt med ei enkel port som er lett å opne.

Med helsing

Ann Kristin Engh
Seniorrådgjevar fagtema Kulturarv, Klima og miljø

Tine Eikehaug
Senioringeniør fagressurs Kulturarv, Divisjon utbygging.

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

ALVER KOMMUNE, Postboks 4, 5906 FREKHAUG
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN